


XXV
Norske folkeskrifter 20

Livskaar i Norig

Av

H. E. Berner



Oslo

Norigs ungdomslag og Student-maallaget

1904

Livskasari i Norrig

1. H. F. Binnert, om det norske
2. H. F. Binnert, om det norske
3. H. F. Binnert, om det norske
4. H. F. Binnert, om det norske
5. H. F. Binnert, om det norske
6. H. F. Binnert, om det norske
7. H. F. Binnert, om det norske
8. H. F. Binnert, om det norske
9. H. F. Binnert, om det norske
10. H. F. Binnert, om det norske
11. H. F. Binnert, om det norske
12. H. F. Binnert, om det norske
13. H. F. Binnert, om det norske
14. H. F. Binnert, om det norske
15. H. F. Binnert, om det norske
16. H. F. Binnert, om det norske
17. H. F. Binnert, om det norske
18. H. F. Binnert, om det norske
19. H. F. Binnert, om det norske
20. H. F. Binnert, om det norske



159628.

Prenta hjaa Johansen & Nielsen.

Livskaar og arbeidskaar.

Norig er ikkje eit rikt land. Men samanlikna med mange andre hev det eit mykje meir jamt utbreidt velstand. Me hev ikkje mange ovrike, men heller ikkje mange utfatige. Der er ikke større sprang fraa den eine samfundsklassa til den gjera enn at me kvar dag kann faa sjaa dei som gjer dette spranget.

Men um velstandet er tolelegt jamt mann og mann imillom, so skifter det fraa tid til tid. Nettupp no lever me under eit stort umskifte i livskaar og arbeidskaar. Nye oppfinningar, betre driftsmaatar og betre utnytting av raaemni, umbyttet av handkraft med maskinur, av segl med damp, jarnvegar, telefon og telegraf, opningi av dei uhorvelege kornmarkerne i Amerika og andre langframande land for Europa-folki fyrst i 1880-aari og mykje anna gjer, at folk ser seg større mun i og finn betre trivnad i aa leggja burt det gamle verktyet og gaa yver i nye yrke, gjeva upp heile den gamle verksemdi eller flytja heile den gamle verkstaden yver paa nye leite. Dei store umskifte i arbeidskaar og livskaar velter dermed liksom brotsjøar inn yver landet og riv heile menneskjemengder med i dragsudi. Ikkje for ingenting hev „kampen for tilværet“ vorte eit slagord i vaar tid.

Det er sjølv sagt, at mangt og mange gjeng under i slike tider, og at det bryt og brenn i mannahugen. Ein fær voner, som det aldri kann verta noko av, eller ein fær otte, som ein kunde ha spart seg. Heim og fedreland misser i slike tider magti yver folket. Folk flyt burt og søkjer betre livsvilkaar. Serleg i fjellbygderne vaare ser me mange stader ikkje lenger røyken stiga upp fraa skorsteinen i gamle heimar. Det er serleg byarne, som dreg folk til seg, men aller mest Amerika.

Dei reknar, at sidan dei fyrste utflytjarane reiste av landet, hev det drege yver 300,000 menneskje fraa Norig og sett seg ned i Amerika. Reknar me, at det under vanlege kaar hev kosta 9 til 10,000 kr. aa ala upp ein gut eller ei gjente, berre til dei var 15 aar gamle, skynar me. for eit kapitaltap ei slik blodtapping vil seia, naar ho som i det siste gjeng upp i 30,000 menneskje um aaret. Hadde Norig havt so stor ein avle og avdraatt, at det hadde kunna føda alle dei, som hev flutt ut, vilde folkemengdi i landet truleg ha vore kring um 4 millionar i staden for som no $2\frac{1}{4}$ million.

Men det er som sagt ikkje berre „Amerikafarsotti“, som dreg folk ut or bygderne. Ein kunde ogso gjerne tala um ei „by-farsott“, som gjer bønderne til byfolk. For 100 aar sidan var det berre $\frac{1}{11}$ av folkemengdi i Norig, som levde i byarne; no er det vel $\frac{1}{3}$ i byarne og snaudt $\frac{2}{3}$, som lever paa landet. Kva kjem dette av? Hev livskaari skift um so mykje til skade for landet og til fyremun for byarne? Det er *visst* nok, at livskaari i byarne no etter maaten dreg meir enn dei paa landet. Me maa ogso hugsa paa, at treskje-maskinur, slaamaskinur, jordepleupptakarar og andre jordbruksmaskinur hev skapt ei mengd med

arbeidslause hender paa bygderne, og rokken og vevstolen kann ikkje lenger gjera so billegt klædety som fabrikkarne. Storverksemdi i byarne held landet med mengder med varur, som det er naud paa, til billegare prisar, og den lettare samferdsli hev skapt eit nytt arbeidsbyte millom by og land. Verjetoll aukar fabrikkdrifti og dermed folkemengdi i byarne. Soleis gjeng det yveralt berre med den skilnaden, at i dei fleste landi hev det gjenge snøg-gare enn hjaa oss.

Er dette ein fyremun? Eller er det magt i det som i ei naturlov, so det er faafengt aa spyrja, um det er til bate eller skade aa bøygja seg for det?

Det er vel ikkje velstandsgrunnar aaleine, som raader her. Naar ei ætt er komi paa flytjing, vil skyldingarne, som sit atter heime, gjerne faa hug til aa fylgja etter. Men helst um utflytjingi til Amerika gjeld det, at ho er størst i slike tider, daa det er misvokster og smaatt med forteneest paa flest alle leider, so velstandet minkar, og det vert tungt for mange aa greia seg.

Det er ogso greitt, at i byarne vil velstandet vanleg ha lettare for aa veksa enn paa landet. Det er ikkje berre folketalet, som veks, men ogso jamnmaalsvelstandet hjaa kvar bymann samanlikna med jamnmaalsvelstandet hjaa kvar landmann; det syner inntektsverdsetjingarne oss.

Men so er det ikkje til fyremun for byarne, at husleige og mat plar vera so mykje dyrare der, og at alt svarar so uvisst til. Handelen og næringsvegarne i byarne gjeng upp og ned med svingningarne paa dei store verdsmarknaderne. Tenk berre paa, korleis pengereenta svingar under ein krig eller med otte for krig. Og kvar rentesvingning kann seia tap eller vinning paa millionar,

ja milliardar! Korleis velstandet kan svinga viser best Oslo. I 1898 strøymde det 18,000 mennskje til byen, freista av den store dagløni og det øre liv. Braatt er no dei magre aar komne, og no er tilstrøymingi slutt. Med andre ord: velstandet i byarne rettar seg etter „konjunkturarne“, dei kallar.

Det same gjeld i stor mun *heile* Norig. Mil-lom hovudnæringsvegane vaare er t. d. trelast-utførsel, fiske og skipsfart og dei er sterkt bundne til konjunkturane. Og me hev ikkje som dei fleste andre landi sers ryggstød i andre nærings-vegar med jamnare vinning.

Det er soleis hjaa oss ymse straumdrag, som gjer store umskifte i livskaari aat dei einskilde menneskje. Men likevel kann me i mange tilfelle finna ein skipnad etter faste lover.

Ser me paa lagnaden aat dei einskilde, er det mest ingen, som tener noko til aa livnæra seg for, fyrr dei er komne yver barnealderen. Men deretter stig arbeidsinntekti jamt, etter som aand og kropp veks i kraft og evne; men naar magti tek til aa minka, sig ho i same mun. Me ser ogso at men-nerne hev hardare arbeidskaar, men større inn-tekter enn kvinnurne, og dei, som hev serlege kunnskapar eller lærdom, plar oftast ha betre raad.

Det er ogso sjølvsagt, at sjømannen og fiskaren ute ved den lange strandi hev andre arbeidskaar og livskaar enn gardbrukaren i dei breide byg-derne og skogarne, og at byfolk hev andre kaar enn landsfolk. Alle vil ha merka seg, korleis livskaari og dermed sjølvhjelpsevna skifter.

Dei fleste tek til aa arbeida for løn paa lag, naar dei er 15 aar gamle. I byarne plar gutarne vera fyrst ute, i landsbygderne er det gjenturne. Det er ogso forvitnelegt aa sjaa, at i

dei siste aari hev skulegonga og fabriktilsynslovi og ymist anna gjort, at borni tek til aa arbeida litegrand (1 til 2 aar) seinare enn fyrr i tidi. Dette gjeld i alle samfundslag. Det vert halde fram som eit vitnemaal um ein framgang. Vonleg er dette rett. Men me skal hugsa paa, at ogso arbeidet er opplæring, og at „det skal tidleg krøkjast, som krok skal bli.“

Det er serleg jordbruket, som gjev rom for dei yngste arbeidarane, dinæst handverket og so sjøfarten. Før kvinnurne er det heimestellet og med det jordbruksarbeidet, som er den fyrste arbeidsmarki; mange av dei tek ikkje til aa stræva for føda, fyrr dei hev gift seg, og dei fleste gjeng daa heilt upp i husmorarbeidet.

Yveralt gjeld det som ei lov, at folk tidlegast tek til aa arbeida for løn i dei yrke, som krev minst opplæring, og at dei, som lyt gaa lengst i lære, kjem sist til aa setja foten under eige bord, men fær daa oftast etter maaten større løn. Og daa dei, som hev best raad, lettast kann kosta ei lang og dyr opplæring paa borni sine, er det sjølv-sagt, at sønerne og døtterne til smaakaarsfolk er dei, som i yngst alder lyt ut paa arbeid og tena det daglege brød, medan borni aat dei, som sit betre i det, enno i fleire aar slit paa skulebenken og kostar foreldri mange pengar til opplæring.

Skulestellet vaart er godt, men ikkje lytefritt. Me vantar i største mun *praktiske fagskular*, som lærer upp til slikt arbeid, som svarar seg best for dei utlærde og opnar vidare arbeidsmark for heile samfundet.

Den løni, som dei unge arbeidarane tek til med, er sjølv-sagt ikkje stor. Mest alle og serleg gjenturne fær fraa fyrst av ofte berre kost, klæde og husvær i løn. Det er ikkje greitt aa finna eit

jamnmaal for, kva kost og klæde er verde, m. a. for di pengeverdet skifter so mykje med bygder og landsluter. Ut med havet, der fisken so aa seia stend utanfor stovedøri og ventar paa, at dei skal lyfta han upp i gryta, er kosthaldet billegt; i byarne vert kost og husvær straks dyrare. Me veit og, at kornprisarne og kjøtprisarne svingar, og at folk no vil ha mykje betre og dyrare mat, enn foreldri vaare var nøgde med. Etter prisuppgaaurne rekna dei kosthaldet for ein gut paa landet i 1850 til 0,54 kr. um dagen, men i 1875 til 0,77 kr. Det er ei stigning paa yver 40 prosent. Verdset me kost, klæde og husvær til ein mann i jamnmaal for heile landet til 200 kr. um aaret, ser me, at jamnmaalsinntekti for gutarne i dei fyrste arbeidsaari er kring um 280 kr. og for gjenturne kring um 245 kr. Men daa gutarne et meir og slit meir klæde enn gjenturne, er det vel rettast aa setja, at naar dei er 15—16 aar gamle, tek guturne til med ei inntekt paa kring um 300 kr. og gjenturne med kring um 200 kr.

Ser me nøgje paa dei statistiske tabellarne, som gjev oss best greie paa livskaari og arbeidsvaari, vil me finna, at inntekti, som gjenturne tek til med, i dei siste aari hev stige, medan ho hev sige for gutarne. Dette er merkande, for det kjem tvillaust m. a. av, at fleire nye verksemder er opna for kvinnurne, og av at det serleg i handel og handverk hev vorte meir vanlegt, at gutarne gjeng dei fyrste læreaari utan stor løni.

Men etter som gutarne og gjenturne veks, veks ogso skilnaden millom arbeidsinntekti for mennerne og for kvinnurne. Ein 20 aar gamall gut fær mest dubbelt so stor løn som ei kvinne i same alder, og ein 25 aar gamall gut fær 3—4 gonger so stor løn som ei 25 aar gamall kvinne.

Kva kjem no dette av? Mest kjem det vel av, at kvinna som husmor hev kosta mindre paa fag-
opplæringi si enn mannen, og at arbeidsmarki for
kvinnurne enno ikkje er større, enn at tevlingi
dei imillom set arbeidsprisen ned. Dette hev
likevel retta seg mykje i den siste tidi, og smaatt
um senn jamnar det seg vel ut noko i minsto.

Sjølvsagt skifter aarsinntekti mykje med verk-
semndi, arbeidarane byrjar med, og skilnaden er
ogso stor innanfor same verksemndi. Fiskarar,
fabrikarbeidarar og slike plar dei rekna tek til
med ei inntekt paa 300 kr. aaret. Sjølvstendige
handverksfolk plar faa ei inntekt paa 300 til 500
og 600 kr., umbodsmenn og embættesmenn millom
400 og 1000 kr. eller meir; men so hev dei ogso
arbeidt i lange tider som kontorfolk eller dilikt
med laagare løn, fyrr dei kjem upp i dei høge
postarne. Handelsfolk byrjar med kring um 600
kr. Aarsinntekti for gardbrukarane skifter sjølv-
sagt med storleiken paa garden og staden, der han
ligg. Ein av statistikarane vaare hev eingong sagt:
„Ei ku i Austfold kann føda 4 mann, men i Finn-
marki maa der 4 mann til aa faa mat til ei ku“.
Dette er sjølvsagt mest sagt paa skjemt, men det
er daa mykje sanning i det og; det er som eit
bilæte paa, kor ulike livskaari kan vera i dette
vidsveimde landet.

Det er ogso vanskelegare aa faa greie paa
aarsinntekti for gardbrukarane enn for andre sam-
fundsklassur, for di gardbrukarane sjølve sjeldan
hev noko vidare greie paa, kva driftsutgifterne
gjeng upp i, eller kva verd dei skal bokføra hus,
ved og dilikt for ved aarsuppgjeret. Det gjer det
ogso vanskeleg aa rekna ut inntekti av gardsbruk,
at so vidt mange gardar vert drivne av kyrkje-

songarar, lærarar, lensmenn og andre umbodsmenn, embættesmenn o. dl., eller at eigarane eller brukarane attaat gardsbruket ofte driv med handverk, fiske o. dl. eller hev skogeigedom, kvern, sagbruk el. dl., daa det ikkje alltid er lett aa halda ut fraa kvarandre dei ymse inntektskjeldurne. Det er dessverre hjaa oss enno eit reint undantak jamvel millom store gardbrukarar aa finna nokon, som held rekneskap yver inntekter og utgifter eller endaatil hev greie paa, kor mange liter kvar ku mjølkar i jamnmaal um aaret, — ikkje aa tala um feittmengdi i mjølki, eller kor mykje fôr det gjeng til kvar ku um aaret. Heller ikkje pantegjeldi eller føderaadtyngslurne er det raad aa faa paa-litande opplysningar um. Endaatil for verdet av gardsbruki hev me ikkje stort anna enn gissemaal. Noko visst er det soleis uraad aa seia um inntekterne til gardbrukarane. Etter dei siste utreknin-garne skulde aarsintekti av jordbruket medrekna inntekt av skog og fiske for sjølve gardbrukarane, som ikkje hev noko anna yrke som umbodsmen-ner e. a., i jammaal vera 750—937 kr.; det er daa drege ifraa gjeld og driftsutgifter medrekna løn, kost o. a. til gardbrukaren og kona og borni hans. For smaabrukarane, som er mesteparten av jord-brukarane i landet, set dei den reine vinningen etter maaten noko høgre enn for storbrukarane.

Dei statistiske oppgaaurne syner oss vidare, at arbeidsgjevarane eller arbeidsherrarne i jamn-maal ikkje hev stort høgre inntekter enn arbeida-rane. Dette kjem av, at storparten av dei nærings-drivande er smaa næringsdrivande (gardsbrukarar, handverkarar, handelsmenn o. s. fr.). Det syner seg soleis, at det er uraad aa faa sett upp dag-løni for arbeidarane, naar arbeidsgjevarane ikkje kann faa større vinning av verksemdi si, enn

at livskaari deira ikke vert likare enn for arbeid-
arane deira.

All midelen i Norig reknar dei gjeng tilsaman
opp i 3000 millionar kr. Aarsinntekti for alle,
som bur i Norig, rekna dei ut skulde vera til-
saman vel so 700 millionar kr. i 1898. Byter me
ut denne „landsinntekti“ paa dei 300 vyrkedagarne
i aaret, kjem det soleis paa kvar vyrkedag ei inn-
tekt paa 2,333,000 kr. Tek me med baade kar-
folk og kvinnfolk, baade born og gamlingar, er
det ikkje so langt ifraa, at kvart menneskje i lan-
det i jamnmaal fær 1 kr. til aa leva av for kvar av
dei 365 dagarne i aaret. Det skulde i alle fall
ikkje vara mange aar (i høgdi 10), fyrr me kjem
so langt som til 1 kr. dagen, um arbeidsinntekti
held paa aa stiga i same mun, som ho gjorde i
siste halvparten av fyrre hundradaaret. For ar-
beidsvinningen hev auka jamt, helst fraa 1890 til
1900, daa landsinntekti auka etter maaten dubbelt
so mykje som folkemengdi.

Kann me auka inntekterne vaare?

Men skulde me no ikkje kunna auka inn-
tekterne vaare? skulde ikkje folk flest kunna nytta
ut tidi og næringskjeldurne sine betre og vera
meir sparsame?

Jau, det er meir enn trulegt.

Det er sagt baade tidt og ofte, baade av
framande og av nordmenn, som hev granska,
korleis velstandet vaart er, at nordmennerne i det
heile ikkje hev vit paa aa auka sitt eige velstand,

men gjerne „lever for dagen“ utan aa tenkja stort paa framtidi og skynar seg korkje paa aa spara eller paa aa nytta ut alle fyremuner, landet og naturi gjev, so mykje, som dei burde. Skal me skjera alle yver ein kamb, er det ikkje godt aa neitta, at soleis er det.

Det er ogso sagt, at nordmannen ikkje plar vera opplært eller ha lært seg sjølv nok upp til aa arbeida so seigt og traatt som t. d. engelskmannen, amerikanaren o. a. Og det kann gjerne henda, at det er so, ja for ein stor part endaa til lyt vera so. Me hev ein lang vinter, so sumararbeidet varer berre ei stutt tid. Naar torske- og sildestimarne set under land, maa ein stor part av folket gaa ifraa den vanlege sysla si og draga ut paa fiske, og daa er det ofte berre eit slumpehøve, um dei kjem heimatt med stor fangst. At slikt skaper ein taatt till trottløyse og hug til vaagespel, stend ikkje til aa neitta.

Men me nyttar heller ikkje næringskjeldurne vaare paa langt nær so godt, som me kunde og burde.

Me evlar korkje aa kornføda, kjøtføda eller fiskeføda oss. Men det er vel tvillaust, at med vitugt stell maatte me kunna rekka mykje lenger i den leidi, enn me gjer. Vonleg vil det no smaatt um senn verta likare, daa me endeleg hev fenge ein landbrukshøgskule paa Aas, ein teknisk høgskule i Trondheim, og dei praktisk-vitskaplege granskningarne av fisket vaart hev teke til i dei siste aari. Vitskap maa til, skal me kunne fylgja med. Som det til no hev gjenge, er baade svenskar og danskar komne framum oss. Det er svenskarne, som hev vore dei fyrste til aa læra oss aa laga baat og reidskap til fangst paa opne havet og til aa finna nye fiskeplassar, der fisken stend.

Det er danskarne, som enno sender oss fisk og kjøt, endaa me sjølve vel kunde greia det betre. Sjaa berre paa dei danske lut-slagtela, lut-mjølkelag, eggssamlag o. dl. Eit danskt eggssamlag, som dei fekk til i 1895, hadde alt i 1901 ein umsetnad paa yver 7 millionar egg til eit verd av yver $3\frac{1}{4}$ mill. kr., og heile eggutførsla fraa Danmark gjekk i 1901 upp i yver 18 millionar egg til eit verd av yver 21 millioner kr. Nordmennerne skulde gjera seg meir kjende med, kva „samvyrke“ i jordbruket er, og kva det hev gjort i andre land til aa hjelpe fram jordbruket og dei smaanæringar, som fylgjer med det¹. Me skulde breida ud større kunnskapar um sædeskifte, gjødsling og føring. Me skulde faa alle som held krøter til aa skyna, at med rett føring kann dei faa mange gonger so stor avdraatt av fjøsstellet sitt.

Fisken vaar er ofte so vanstelt, at utlendingarne ikkje vil betala oss so mykje som danskarne, skottarne, og hollendarane, endaa vaar fisk i seg sjølv heller skulde vera den beste.

Eller sjaa paa skipsfarten vaar. Me song so lenge paa den gamle visa um: „Vor ros og magt har hvide seil os bragt“, til me ein god dag ikkje kunde sjaa segskipi vaare i den svarte røyken fraa dampskipsflaatarne til dei andre, meir til-
tøke folki.

Me held enno paa og rovhøgg skogarne vaare, so hogstren er større enn tilvokstren um aaret. Og fyrst etter dei danske skogplantningarne paa sandmoar, som fyrr hadde vore so audslege, hadde teke til aa selja bygningstimber, fyrst daa tok me til med skogplantning paa den trelause vestkysten vaar.

¹ Sjaa t. d. J. Bjercknes: Om landbrugsøkonomisk samvirke i Danmark og Tyskland. Kr.a 1903.

Me hev late fossarne vaare dura utan aa nytta ei vatskraft, som kunde driva eit stort yrke. Paa den unge verksdrifti vaar tyngjer herads- og riksskattar, og dei, som kunde ha hug og kraft til aa reisa ho upp, vaagar ikkje aa leggja iveg med store tiltak, for di dei ottast, dei skal faa ein meiningslaust stor skatt.

Stutt sagt: Me kann gaa igjennom den eine etter den andre av næringsvegarne vaare, og me vil finna, at folk som skynar seg paa desse ting, hev mykje aa seia paa oss, naar det spørst, um me paa dette umkverve hev „okra med det pund“, som er gjeve oss til aa styra med. Det torer i minsto vera god grunn til aa merka oss det, som er anka paa.

Men lat oss samstundes ogso nemna eit par ord um, korleis me nyttar tidi. Kor mykje tid øyder me ikkje her i landet! Ikkje berre all den tidi, som vert kasta burt i yrkjeløysa um vinteren; det kann no mang ein gong vera vanskelegt aa finna høvelegt arbeid i dei lange vinterkveldarne. Men ogso elles um aaret nyttar me tidi klennt — endaa det er so sant som sagt er, at „tid er pengar“. Den, som veit aa agta paa tidi i alt arbeidet sitt, vil snart sjaa stor mun i det. Det er utrulegt, alt ein fær gjort, naar ein hev det annvint; einn kar kann daa arbeida for baade tvo og tri. Det er kann henda ikkje minst her, me nordmenn burde læra av utlendingarne t. d. nordamerikanarane. Det er gutar, „som gjeng med dampen uppe“, og difor vert dei ogso fyregangsmennerne i verdi. Naar nordmenn kjem til Amerika, er noko med det fyrste, dei maa læra, „aa sputta i nevarne“ og taka dugeleg i og vera traae og seige til aa halda ut. Men so fær dei ogso løn etter arbeidet og ikkje berre i „dollars“, men ogso

i større sjølvvyrdnad og meir tru paa si eigi kraft til aa tryggja seg ei god framtid som sjølvhjelpet mann, meir samkjensle med det arbeidande samfundet, dei lever i, og klarare skyn paa meiningi i den gamle tanken, at menneskja skal gjera seg til herre yver naturi og nytta alle krafterne hennar.

Me kan godt tola aa høyra desse ankemaali, utan at me vert harme. Me hev daa sjøelve gjenge ved, at det finst mykje sant i dei, endaa dei vel stundom ikkje sparer for mykje paa smurningen. Det hev teke til aa gaa ei økonomisk vekkjing yver landet jamnsides med den nationale. I ungdomslagi ser der ut til, at meir og meir kjem den tanken og det kravet upp, at *alle skal vera sjølvhjelpete*, og at me skal nytta ut næringsvegane vaare betre. I blad og paa møte er velstandsspursmaalet stødt framme. Alt tyder paa, at folk hev fenge augo meir upp for, at her er mykje aa gjera, um me skal taka vaar mun atter.

Me kann ogso auka inntekterne vaare ved aa spara paa utgifter, som ikkje er naudturvelege.

I ei leid hev me her naatt langt: me brukar mykje mindre rusdrykkjer no enn fyrr. Etter aarelang strid mot „kong Alkohol“ hev me vunne oss fram til aa verta eit av dei folki, som drikk minst av alle i verdi. Og det me sparer i utgifter til brennevin, vin og øl, er ein vinning, som er mykje større enn det, brennevinet og vinen og ølet kostar i krambudi. Fyrst og fremst hev me med mindre drikking og fullskap vunne i sjølvvyrdnad og i vyrdnad hjaa andre, i reinleik i sed og skikkar, i kultur. Men dinæst hev me vunne i velstand, med di arbeidsevna aukar med avhald. Me hev spart paa utgifterne til politi til aa aga dei fulle, til fengsel for alle dei, som gjer brot i fullskap, til sjukhus for dei, som er helsebrotne av

drykk, til fatighjelp for dei, som hev drukke seg fraa hus og heim. Men endaa reknar dei, at verdet av alt det brennevin, vin og øl, som vert drukke upp her i landet, gjeng upp i minst 30 mill. kr. um aaret. Det er ein fælände stor sum. Det er soleis enno eit stort dagsverk aa gjera for avhaldsfolki og venerne deira.

Ogso i andre leider kunde me visstnok spara mykje utan skade for aand eller kropp. Held me det liksom fedrarne vaare for ei ære aa vera eit uvandt og hardført folk, vil me nok finna, at mykje av all den nye stasen, som fløymer ut yver bygderne fraa utlandet og byarne, helst er til skade og skam og ikkje til gagn. Lat oss sopa dette ut att!

Me hev ogso vunne oss eit godt namn i utlandet for sparebankarne vaare. Snart sagt i kvar einaste by og bygd hev me no sparebankar til aa nytta ut og auka spareskillingarne vaare. Naar me hugsar paa, at eit sparebankinnskot med rente og renterente paa 15 til 20 aar veks til det dubbelte, vil me skyna, for eit velgjerande verk ein sparebank kann vera. Me hev no 427 sparebankar, godkjende av riksstyret; av dei er 364 for landet. I slutten av 1902 var det 778,823 innskot paa særskilde sparebankbøker, og um me kunde rekna, at kvar mann hev berre ei sparebankbok, vilde det vera 310 innskjotarar paa kvart 1000 menneskje i landet, og kvart menneskje vilde i jamnmaal ha 465 kr. i sparebanken. Dette vilde i sanning vera eit agande sigersmerke for sparsemdstrævet i Norig. Men no kann ein innskjotar ofte ha fleire sparebankbøker, og dessutan veit me, at rikfolk ogso set pengarne sine i sparebankarne, og *dei* er ikkje nettupp spareskillingar alle saman. Men likevel kann me vera byrge av sparebankstellet vaart; det er ei kraftkjelde til aa auka velstandet vaart. Men

lat oss ikkje for tidleg slaa oss til ro med det, me hev vunne. Lat det gode tiltaket stødt og stendig driva oss til aa vinna lengre fram i same leidi. I utlandet hev dei t. d. skulesparebankar, so dei tidleg kann venja borni til aa tenkja paa framtidi og nytta spareskillingarne sine paa beste maaten. Kunde ikkje me ogso gjera noko i denne leidi?

Men der er ein ting ved sparebankstellet vaart, som ikkje er so gild aa sjaa til. Pengemidlarne, som vert sankt ihop, gjer det lett vint for folk aa faa laan og freistar dei difor til aa setja seg i skuld, endaa um dei ikkje hev utsyn eller evne til aa gjera seg skuldfrie att. Naar me ser, kor gjeldbundne mange av landsmennerne vaare er, kjem me stundom i tvil, um det ikkje finst likso mange til aa øydeleggja som til aa spara! Fullt so ille er det no vel ikkje, som heppa er. Men det er visst nok, at for eit folk som vaart, som det ligg so lite til aa vera framsynt og sparsam, er vekselobligationerne til sparebankarne ei stor freisting til aa søkja laan, naar ein med vitug sparsemd og litegrand sjølvnøyding kunde greia seg utan.

Med det same bør me merka oss, at det aukar jamt med talet paa dei, som brukar sparepengarne sine til aa kjøpa trygd mot sjukdom eller alderdom, eller for enkja og born, um ein skulde døy. Ogso i den leidi gjeng sjølvhjelpstanken fram, men ikkje so snøgt og stødt, som ynskjande kunde vera.

Dei, som er lengst fraa aa vera sjølvhjelppte, er dei, som fær av fatigkassa. I dei siste 25 aar hev talet paa dei, som fatigstellet hev lote syta for, minka munarleg. I 1866 fekk 94 av kvart 1000 menneskje i landet fatighjelp, i 1900 berre 65. I bygderne gjekk talet paa same tidi ned fraa 90 til

64 av kvart 1000, i byarne fraa 114 til 91. I 1900 fekk tilsaman 145,750 (einskildmenne og huslydar) fatighjelp; denne kosta, naar me dreg ifraa vederlag, tilsaman kring um 8,300,000 kr., og av desse kom 4,320,000 kr. paa bygderne og 3,980,000 kr. paa byarne, derav paa Oslo aaleine 1,563,000 kr. Det er soleis enno mange fatige og store sumar, som gjeng til dei. Og endaa maa me hugsa paa, kor mange det er, som fær hjelp av gjevilde folk, og kor mange pengar paa denne maaten ikkje kjem med i fatigstatistiken. Statistiken fortel oss og, at endaa talet paa dei fatige hev minka, hev hjelpi vorte flusare, d v. s. me syter betre for dei fatige no enn fyrr. Ser me no paa orsakerne til fatighjelpi, finn me, som ventande kunde vera, at alderdomsvanmagt og sjukdom stend fremst med 13,700 og 11,500 mann. Arbeidsløyse er orsaki for kring um 1350, latskap for 850, ovdrykk for 480, at forsyntaren hev døydt for 5700. Men det finst sjølv-sagt mange, som hev svolte og lide naud, utan at dei hev gjenge til fattigstellet. Men tvillaust er det mange fleir, som hev søkt fatigkassa, for di dei ikkje hev lagt upp noko av fortienesta si, daa dei var i sin beste brage, so dei kunde vera sjølv-hjelpete i alderdomen eller under sjukdom. Me er paa veg til aa koma inn i den trui, at det ikkje er saa stor skam aa faa fatighjelp av samfundet, endaa um det ikkje hadde vore turvande! Slikt lærer folk upp til latskap, lettlynde og sistspaa til motvilje mot samfundet, dei lever i. Det er ogso merkande, kor lite sjukekassar t. d. vert bruka her i Norig samanlikna med andre land, t. d. Danmark. Ogsaa paa denne visi syner det seg, det er eit folkelyte, at me nordmenn er for lite fram-synte, naar det gjeld velstandet vaart, og set for

liti ære i, at me med sparsemd og tanke paa fram-
tidi kann vera so sjølvhjelpete, som raad er.

Det er eit uhorveleg langt sprang fraa aa vera
fatig (men sjølvhjelpet) til aa leva paa fatigkassa.
Fatigdom utan fatighjelp kann tvertimot vera
godt. Det er ei stor sanning i dei ord, som Gar-
field, præsident i Amerika, eingong sagde: „Den
rikaste arv, ein ung man kann faa, er aa vera fødd
i fatigdom.“ Fatigdomen stæler baade sjæl og
kropp til strid for tilværet. Han driv til den
annsemd, den umtanke og trott, som maa til i
livsstriden, um ein stødt skal vinna lenger fram
til større velmagt. Det er som ein annan ameri-
kanar hev sagt, ikkje fraa millionærarne eller
fyrstarne, verdi fær lærarane, martyrarne, oppfin-
narane, riksstyrarane, diktarane eller endaatil dei
store handelsmenn i det heile fyregangsmennerne
sine. Det er under taket til den fatige, at vel-
gjerdsmennerne for mamaætti plar sjaa dagsens
ljøs. Rikdomen og velmagti med freistingarne sine
tyner saa ofte baade krafti og viljen hjaa dei unge;
dei tarv ikkje strida for livet og døyr difor utan
lukke. Det ligg ei gamall røynsle i ordtøket:
„Naud lærer naki kone aa spinna.“ Naudi er den
store lærermeisteren, som tvingar folk til aa tenkja
paa framtidi og leggja upp dei spareskingarne,
som veks til store pengesumar, og som set men-
neskja best i stand til aa hjelpa seg sjøve og
gjev dei den gleda og styrken, som fylgjer med
aa vita seg sølvhjelpet. Lat oss difor ikkje vera
millom desse styvingarne, som stødt klagar yver,
at dei kjem fraa ein fatig heim! Lat os setja oss
høge maal i livet og stræva ærleg med aa naa
dei! *Vil* ein fram, so gjeng det fram. God vilje
dreg tungt lass. Arbeider me paa denne maaten,

gjeng arbeidet ogso lett og med glede. Daa gjeng det, som diktaren seier, „en diktende trang gjennom arbeidets gang“.

Korleis brukar me fortienesta?

Dessverre hev me ikkje oppgaa vur, som er aa lita paa, yver kor mykje me brukar i jamnmaal til mat, drykk, hus, klæde og anna, som det er torv til i livet.

Folk med smaae eller medels store inntekter brukar kann henda i jamnmaal fraa 45 til 50 % til mat, 13 % til hus og 15 % til klæde.

Naar me ikkje tek med kaffi, sukker, brennevin, vin, tobakk o. dl., som ikkje gjev oss næring, men berre njoting, og held oss til sjølve maten, (kjøt, fisk, mjølk, brød, jordeple o. dl.) so hev dei rekna ut, at eit menneskje skal bruka um aaret turr mat til eit verd av 94.43 kr., vaate varur 20.81 kr., tilsaman 115.24 kr. Heile folket skulde daa kvart aar bruka til turr mat 188,860,000 kr., til vate varur 41,620,000 kr., tilsaman 230,480,000 kr. Kvar einskild mann i smaae eller medels livskaar brukar kvart aar til brød og annan mjølmatt for burtimot 30.00 kr., til kjøt for 13.00, til brennevin, vin og øl for 15.29, til smør for 12.50, til flesk for 9.77, til mjølk for 8.41, til jordeple for 9.19, sukker 4.23 kr. og til kaffi og fisk litegrand mindre enn til jordeple.

Dei brukar sjølvsagt ikkje like mykje i by og paa land. Byarne hev ikkje stabburskost; dei brukar lite salt mat, og meir kjøt enn paa landet. Byfolk sit so mykje stillt og lyt difor ha annan kost enn landsfolk, som ferdast meir i fri luft og

røyner kroppen meir. Magesjukdomarne herjar mest i byarne.

Paa landet er det stor skilnad millom fjordbygder, fjellbygder od flatbygder. I fjordbygderne lever folket mykje paa fisk, i fjellbygderne mykje paa kjøt. I flatbygderne er levemaaten meir skiftande.

Men baade i by og bygd skifter levemaaten med næringsvegen. Ein kontormann treng annan mat enn ein greftegravar eller ein timberhoggar.

Men den største skilnaden i levemaaten skriv seg fraa skilnaden i inntekt og eigedom. Det er nok so, at alle menneskje hev paa lag like stor kropp med like stor mage eller med andre ord treng like mykje mat til aa halda seg frisk, sterk og arbeidsfør. Kvart menneskje treng etter vegt og arbeid paa lag same vegtmengdi med eggjektiviteto, feitt, kolhydrat, vatn og ymse mineralto, um det skal halda blodumlaupet i gong, kroppsvarmen i den vanlege høgdi (kring 36° C.) og taka sin mun att for det to og den varme, kroppen stødt taper gjenom anden, sveitten og matmeltingi. Desse to, me treng, finst i ymse mengder i all slags mat; men magen lyt taka det, kroppen treng, anten det so er havregraut, sild og jordeple eller ostre, beaf eller annan kostsam mat; og anten ein so er greftegravar, tenestgjente, storhandlar ellen „hoffrøken“, maa det *kjemiske* innhald i maten alltid svara til dei krav, menneskjekroppen set, um han skal trivast og vinna velmagt.

Det *kjemiske* innhald av all vanleg mat hev me no longe sidan fenge greie paa. Sumen av alle desse granskningarne er aa finna for oss nordmenn i dei reglarne, som er sette upp for matstellet i den norske her. Kvar krigsmann skal i jamnmaal i brød, jordeple, smør, kjøt, mjølk,

kaffi o. a. faa 115 gram eggjekviteto, 86,5 gram feitt og 565,4 gram kolhydrat um dagen. Men daa fær vistnok soldatarne vaare litegrand meir kjøt og smør d. v. s. meir eggjekviteto og feitt, men mindre kolhydrat d. v. s. mindre jordeple enn folk flest.

Men prisen paa mat, som held alle desse kjemiske to, er det uhorveleg stor skilnad paa. Dei hev rekna ut, at ein mann fær all den mat og drykk, han treng, i t. d. sild, jordeple, mjølk og havremjøl til ein pris paa litegrand yver 14 øyre um dagen, naar dei reknar etter dei billegaste prisarne paa desse varurne. Men me veit, at ved festmaaltider paa dei store hotelli i hovudstaden kostar bordplassen for kvar mann ofte 10 kr. eller endaa meir. Det er skilnaden i inntekter og levevis, som her gjer valet millom dei ymse retterne.

Mjølmaten, graut eller brød, og jordepli gjer tilsaman paa lag $\frac{3}{4}$ av alt det, folk flest her i landet et. Det er mest vanskelegt aa tenkja seg, korleis me skulde kunna greia oss utan jordeple, som dei dyrkar paa kvar einaste husmannsflekken fraa Lindesnes heilt upp til Finnmarki. Og endaa veit me, at det ikkje er 150 aar, sidan det vart vanlegt aa dyrka dei her i Norig.

Spør me no, um det norske folk i det heile lever helselegt og godt med sitt vanlege kosthald, kann me nok svara, at nordmannen jamt er stor og sterk og difor vel hev gjeve prov for, at han hev levt paa god og kraftig kost. Men lækjarane meiner likevel, at det kunde vera likare mange stader og i fleire samfundslag. Det er mange sjukdomar, som dei legg skuldi paa kosthaldet for. Det yar mindre bleiksott i den tidi, daa havren vart bruka meir til brødkorn, og mindre magesykje, daa der ikkje vart drukke so mykje kaffi.

Men det er ikkje berre sjølve fødeemni, men ogso tillagingi, som her kjem med i rekneskapen. I denne leidi kann det vera mykje aa gjera med kokeskular og dilikt.

Naar me fekk større kunnskapar i matlaging, vilde me vistnok ikkje berre faa betre og helselegare mat, men ogso hushaldspengarne kom til aa rekka lenger for husmøderne enn no, daa so mykje matemne gjeng til spilles ved faavit og faakunne. Paa den andre sida vil nok større kunnskapar i matlaging mange stader ogso gjera, at det vert *vel* flust i matvegen. Paa kunnskapstreet finst det frukter baade til godt og vondt.

Men det er daa til stor bate for eit folk, at kosthaldet kann retta seg etter ei uvand levevis, og at det er nøgdi med mat aa faa til billege prisar. For eit folk med so vidt knappe inntektskjeldur som vaart er det eit hovudvilkaar for trivnad og framgang, at det ikkje set større krav til levemaaten, som størsteparten av inntekterne gjeng til, enn at det er nøgt med uvande saker, som er aa faa til ein billeg pris. Det, som velstandsfolk kann spara inn paa matstellet, er vel turvande til hjelp for dei, som hev smaae inntekter, til betre opplæring for borni og til aa gjera livet ljosare og lukkelegare. Aa leva „yver evne“ fører ikkje til varande velferd.

Ein vidfarande mann, Fridtjov Nansen, som hev freista so mykje i livet, og som me alle ser upp til, hev sagt — og det gjeld her i eitt og alt: „Aa vera uvand er den største rikdom. Det skaper frie menn.“ Det skaper sjølvhjelpete menn.

Det kunde nok ogso seiast mykje um, kva me brukar av inntekterne vaare til hus, klæde o. a. Men det vilde verta for langt, um me her skulde gaa nøgjare inn paa desse emni.

Likeins kunde det nok vera forvitnelegt aa granska etter, um det ikkje finst ting, som me no brukar for lite av inntekterne vaare til. Men ogso dette fær lesarane for det fyrste tenkja paa for seg sjølve.

Lukka.

Alle desse granskingar um livskaari sluttar soleis med, at kvar einskild maa arbeida paa ved sparsemd, annsemnd og tiltak aa vinna seg større velstand og i minsto verta *ein sjølvhjelpst mann*. I so maate skaper kvar mann lukka si sjølv. Og liksom samfundsspursmaalet i vaar tid i grunnen er det store lukkespursmaalet, so er ogso svaret paa, kvar lukka finst her paa jordi: i *arbeidet!*

I den annsame tidi, me no lever i, vil arbeidet tryggast gjeva glede og kvild for alle sutefulle, søkjande sjæler. Eg talar ikkje her um lukka i religiøs meining. Men skal ein vinna lukka ved arbeid i samfundet, maa ein ogso ha tillit til og vyrdnad for samfundsskipnaden. Utan vyrdnad for samfundet og fedralandet finn me ikkje, som ein vitug mann hev sagt, den kvild for sjæli, som me søkjer.

Ein diktar hev sagt:

Det finst i verdi berre ei lukke:
at me gjer vaar pligt.

Det finst i verdi berre ei trøyst:
aa arbeida trufast.

Lat os difor gjera vaar pligt, og arbeida trufast til hugnad og lukke for oss sjølve og fedralandet!

